

SVEIO
kommuneLandbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.	2006 / 143
Bladnr.	45
Dato:	28 APR 2006 MP/SDD
Saksbehandler	MBB
Kode	713

Dykkar ref.:


Vår ref.: 06/173-4/06/3976

Arkiv: N-016 Dato: 26. april 2006

**HØYRINGSUTTALE - FRAMLEGG TIL ENDRING AV LOV 15. JUNI 2001
NR. 75 OM VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL**

Vedlagt er Sveio kommune ved hovudutval teknisk/næring sin høyringsuttale til framlegg om endringar i lova nemnd i overskrifta.

Med helsing


Geir Ragnhildstveit
rådgjevar

Vedlegg

Kopi med vedlegg til:

Den Norske Veterinærforening

Postboks 6781 St. Olavsplass

0130 OSLO

Sveio kommune

Sakspapir

SAKSGANG			
Behandling	Møtedato	Saksnr	Saksbehandler
Hovudutval teknisk/næring	18.04.2006	044/06	SMT

Avgjerd av: Saksansv.: Svein Magnus Tveit	Arkiv: N-016 Objekt:	Arkivsaknr 2006000173
--	---------------------------------------	---------------------------------

HØYRING - FRAMLEGG TIL ENDRING AV LOV 15 .JUNI 2001 NR. 75 OM VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL

Rådmannen 31.03.2006:

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	15.02.2006	Landbruks- og matdepartementet	HØYRING - FRAMLEGG TIL ENDRING AV LOV 15.JUNI 2001 NR. 75 OM VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL
2	I	07.03.2006	Den Norske Veterinærforening	VEDK. FORSLAG TIL ENDRING AV DYREHELSEPERSONELLOVEN

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell (dyrehelsepersonellova)

Saksorientering:

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut på høyring forslag til endring av dyrehelsepersonellova.

Endringane som er føreslått er gjort på grunnlag av innstilling frå Sagelvmo-utvalet i september 2004. Utvalet meinte at ei tilfredsstillande veterinærdekning i alle deler av landet best kan løysast ved at tilgang på kliniske veterinærtenester blir gjort til eit kommunalt ansvar. I dag er det staten som har ansvaret for desse tenestene.

Formålsparagrafen i lova er føreslått endra ved å fjerna andre ledd seier at staten har det overordna ansvaret for å sikra ei landsdekkande dyrehelseteneste. Vidare er det føreslått ny § 3a: *Kommunene skal sørge for tilfredsstillende tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell.* § 26 som pålegg staten ei plikt til å etablere klinisk vakt for dyrehelsepersonell i alle deler av landet er føreslått fjerna.

I høyringsnotatet er det skissert ulike løysingar når kommunane får ansvaret for tenester frå dyrehelsepersonell. I enkelte kommunar kan det vera aktuelt å tilsetja kommuneveterinær i heile eller delte stillingar, andre stader kan det vera meir aktuelt med driftstilskot til veterinærer i området. Interkommunalt samarbeid er svært aktuelt når det gjeld vaktordninga.

Økonomiske konsekvensar:

Det økonomiske grunnlaget for å sikra veterinærdekning i framtida er ikkje utreda. Det skal følgja penger med, men kostnadsbehovet skal utredast i kommuneøkonomiprovisjonen. Det er snakk om øyremerkte midlar i ein overgang, og at dette seinare skal gå inn i rammetilskotet. Me me kjenner ikkje til kor store kostnader og inntekter reforma vil føra til for kommunen.

Vurdering:

Etter dei føreslåtte endringane i lova blir det opp til den enkelte kommunen å definera kva som er tilfredsstillande veterinærdekning og vaktordning. Dette vil kunna føra til svært ulik prioritering av veterinærtilbudet mellom kommunar.

For dei aller fleste kommunane i landet vil det vera naudsynt med interkommunalt samarbeid for å få til ei vaktordning utanom ordinær arbeidstid.

Ordninga me har i dag, der staten har ansvaret, fungerer bra. Veterinærvakta blir organisert i distrikt som omfattar fleire kommunar. Sveio er med i eit samarbeid med Haugesund og Karmøy på dagtid kvardagar, og eit noko større område på kvelds- og nattetid og i helgane.

Kommunen ser ikkje nokon fordeler å overføra ansvaret for veterinærtenestene til kommunenivå, og bryta opp dei distrikta me har i dag. Dyrehelsetenestene vil truleg bli best organisert på eit høgare nivå enn kommunen. Mattilsynet har kompetanse på veterinærsaker og lokalkontor som dekkar høveleg store område til å få ei best mogleg utnytting av dyrehelsepersonell. Me ønskjer difor at staten, via Mattilsynet, framleis skal ha ansvaret for dyrehelsetenesta, både overordna og på lokalplan, og går difor i mot lovendringsforslaget som vil gje kommunane ansvaret.

Økonomien er også dårleg utreda, så me veit lite om kva konsekvensane for kommunen blir.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sveio kommune går inn for at staten, via Mattilsynet, framleis skal ha ansvaret for dyrehelsetenesta, både overordna og på lokalplan, og går difor i mot lovendringsforslaget som vil gje kommunane ansvaret.

18.04.2006 HOVUDUTVAL TEKNISK/NÆRING**HTN-044/06 UTTALE:**

Samrøysts som framlagt av rådmannen.